

NORDISKE STUDIER I LEKSIKOGRAFI

Titel:	Ivar Aasen og svensk leksikografi	
Forfatter:	Kjetil Gundersen & Dagfinn Worren	
Kilde:	Nordiska Studier i Lexikografi 11, 2012, s. 212-223 Rapport från Konferens om lexicografi i Norden, Lund 24.-27. maj 2011	
URL:	http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/nsil/issue/archive	

© Nordisk forening for leksikografi

Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

Ivar Aasen og svensk leksikografi

Kjetil Gundersen & Dagfinn Worren

In the language project of Ivar Aasen (1813–1896) an important aspect was to demonstrate that Norwegian was a national language in its own right, alongside Danish and Swedish. In his lexicographical work Aasen used a Danish model, but he emphasized that, from a linguistic point of view, Norwegian actually had just as much in common with Swedish. In this article we present a study that demonstrates the dimension of the specific common vocabulary between the two languages. The method used for this purpose is to extract references to Swedish sources in Aasen's 1873 edition of his dictionary. The study reveals that 7.5% of the vocabulary is common, and that Aasen mainly refers to two Swedish sources (Dalín 1855 and Rietz 1867). Not surprisingly, a significant part of this common vocabulary mostly occurs geographically along the Swedish border. The conclusion is that Aasen's ideas regarding a common vocabulary for Norwegian and Swedish are to a certain extent verified. But more importantly, the still rather sparse occurrence justifies the establishment of Norwegian as a distinct language of its own.

Nøkkelord: Dalin, fellesord, heimfeste, heimfesting, Rietz, Aasen

1. Norsk og svensk

Eit av måla med språkprosjektet til Ivar Aasen (1813–1896) var å syne at norsk var eit særreige språk til liks med dei to andre skandinaviske språka, dansk og svensk. I det språklege jamføringsarbeidet som han gjorde, vart det då eit viktig poeng å syne at norsk hadde ordtilfang som ikkje fanst i det danske skriftmålet. Her var han oppteken av at det i den naturlege geografiske fellesskapen med Sverige også kunne liggje ein leksikalsk fellesskap (Aasen 1965: 344). Målet med denne artikkelen er å dokumentere korleis svensk språk og leksikografi kom til uttrykk i prosjektet hans, men utan å jamføre med dansk. Det tillèt ikkje ramma for artikkelen.

Først skal bakgrunnen og føresetnaden for Aasens målreisingsprosjekt skisserast opp. Med det utgangspunktet avgrensar vi oss til å syne korleis svenske kjelder og svensk språk kjem til uttrykk i hovudverket hans, *Norsk Ordbog* (1873). Særskilt skal det ordtilfanget som Aasen dokumenterer som sams for

svensk og norsk i denne første fullnormerte nasjonale ordboka for norsk, dragast fram og analyserast i lys av desse kjeldene med vekt på opphav og geografisk utbreiing.

2. Bakgrunn

Sidan 1500-talet hadde Noreg hatt sams styre med Danmark og dermed også sams akademisk kultur, irekna skriftspråk. Noreg fekk si eiga grunnlov i 1814, som også la rammene for Noreg som nasjonalstat. I alle fall for det kulturelle Noreg framstod det då som eit problem at skriftspråket var dansk. Allereie som 23-åring peikte Aasen på denne nasjonale mangelen i artikkelen ”Om vort Skriftsprog” frå 1836. Her gjorde han framlegg om at dei norske dialektane måtte beskrivast systematisk som grunnlag for eit nasjonalt skriftspråk lagt fram i ei ordbok og ein grammatikk (Aasen 1912: III,7).

3. Føresetnader i samtida

Det var to hovuddrag i samtida som gjorde eit slikt språkprosjekt mogleg å gjennomføre, nemleg romantikken og den historisk samanliknande språkvitskapen. Den romantiske idérørsla opna for mangfaldet i det folkelege kulturlivet og framheva det historisk røtte folkemålet som eit av dei fremste nasjonale uttrykka (jf. t.d. Torp og Vikør 1993: 139).

Den historisk samanliknande språkvitskapen førte systematikk inn i språkgranskinga. Tenkjemåten i denne språkteorien kravde både systematisk kunnskap om fleire samtidsspråk og tilsvarende kunnskap for eldre språksteg og evne til å sjå parallellutviklingar over tid (Hovdhaugen et al. 2000: 158). I tiåra før Aasen-prosjektet var dansken Rasmus Rask (1787–1832) utan tvil den lysande lingvistiske stjerna i Norden. Saman med tyskarane Jacob Grimm (1785–1863) og Franz Bopp (1791–1867) var Rask ein av grunnleggjarane av denne nye teorien. Også svensken Johan Ihre (1707–1780) var ein særmerkt føregangsmann på same feltet. Rask hadde særleg utvikla teorien på dei nordiske språka. Han kom jamvel fram til at det gamle nordiske språket var ”mere grammatikalsk fuldkomment end Tysken” (Rask 1811: vi). Det vart rekna som eit kvalitetsmerke. Aasen var ikkje upåverka av slike synsmåtar (Venås 1994: 387). Det måtte styrkje han i trua på prosjektet sitt, for dei norske dialektane var openbert formrike.

4. Oppdrag med dilemma

Dei nye europeiske ideane om språk utløyste også økonomisk støtte til eit norsk målreisingsprosjekt. Frå 1842 og resten av livet fekk Aasen høve til å setje språkvisjonen sin ut i livet, i første omgang som oppdrag frå Det kongelige Norske Videnskabers Selskab i Trondheim.

Oppdraget var ikkje utan dilemma og motstand. For det første utstyrte Vitskapselskapet Aasen med hjelpemiddel som var tunge hegemoniske verk frå dansk språkvitskap. Det galdt både Molbechs *Dansk Ordbog* (1833) og Rasks *Vejledning til det Islandske eller gamle Nordiske Sprog* (1811) (Walton 1996: 78). Etter den danske litteraturforskarer Hans Hauges beskriving av dei norske akademiske tilhøva var Aasen i ein slags postkolonial situasjon (Hauge 2001: 371). Det var nettopp denne stoda Aasen skulle frigjere det kulturelle Noreg frå. Løysinga på eit slikt postkolonialt dilemma har vore å vidareutvikle saksfeltet på eigne premissar (op. cit. 376). Det var nettopp det Aasen gjorde med å bruke Molbechs ordbok som modell i målreisingsprosjektet sitt samstundes som ordboka ville bli avløyst som autoritet for skriftspråket i Noreg (Worren 2006: 392).

For det andre var det sterke motkrefter i Noreg mot Aasens prosjekt, fordi det ville bryte opp den etablerte kulturelle fellesskapen med Danmark. I ein offentleg språkpolemikkk vart Aasen konfrontert nettopp med Jacob Grimms syn på utviklinga for dei europeiske språka. I *Geschichte der deutschen Sprache* (1848) ser Grimm det som sannsynleg at dansk om nokre hundre år vil gå opp i svensk. Dermed skulle det vere heilt urimeleg å etablere eit eige nasjonalspråk i Noreg, hevda dei norske kritikarane. Aasens kommentar var at vitskapsmannen Grimm hadde han den største respekt for. Derimot var det ingen grunn til å leggje vekt på synsaren Grimm. Aasen avslutta med at han trudde at det ville falle naturlegare med tre skandinaviske språk i staden for Grimms eine (Aasen 1912: 177 ff.). Her har ettertida gjeve Aasen rett. Til Grimms orsaking skal det seiast at han ikkje kjende Tore Jansons *Språkens historia* (2010) og hans framstilling av korleis politiske realitetar lagar andre språklege utviklingar enn det språkvitskaplege vurderingar kunne tilseie.

5. Den svenske lina

5.1 Introduksjon

Den svenske lina i Aasens prosjekt byggjer særleg på tre hovudkjelder, Dalin (1855), Rietz (1867) og Rydquist (1883).

Fullføringa av dei første ordbøkene i morsmålsleksikografien i Noreg og Sverige fall i tid nokså nær saman. Ivar Aasens første ordbok, *Ordbog over det norske Folkesprog*, låg føre i 1850. Anders Fredrik Dalin (1806–1873) gav ut *Ordbok öfver svenska språket* frå 1850 til 1855. Til 1850-ordboka si fekk Aasen såleis ikkje nytte av Dalin. Men frå han byrja med arbeidet på 1873-ordboka i 1865, var ”Dalins Ordbog” det svenske leksikografiske referanseverket. ”De svenske Ord ere anførte efter Dalins Ordbog” heiter det i kjeldelista (s. XV).

Om lag samstundes kom det også to andre verk som skildra det svenske språket, men med andre innfallsvinklar enn Dalins ordbok. Det eine var Johan Rietz (1815–1868) si dialektordbok, *Svenskt dialekt-lexikon: ordbok öfver svenska allmoge-språket*, som var ferdig i 1867. Det andre var Johan Rydqvist (1800–1877) sitt omfattande verk om svensk språkutvikling, *Svenska språkets lagar. Kritisk afhandling*, som kom ut i perioden 1850 til 1883. Desse to verka sørgde for at Aasen hadde eit solid grunnlag for jamføringa med svensk også dialektalt og historisk.

5.2 Omtale av svenske kjelder i Norsk Ordbog

Når Aasen viser til svenske språktilhøve i Norsk Ordbog, dreier det seg som regel om tilvisingar til eit svensk ord som liknar eller er identisk med det norske oppslagsordet, som i oppslaget *corp*:

Korp, m. Ravn (= Ramn). Østl. Sv. korp. Jf. Krump. (Aasen 1873)

Men dette vil ikkje seie at Aasen freista å gjennomføre ei uttømmende og fullt ut systematisk jamføring av norsk og svensk ordtilfang. Til dømes er vanlege norsk-svenske ord som *katt*, *bein* og *hus* handsama utan tilvising til dei tilsvarende svenske formene, sjølv om Aasen hadde tilgjenge til desse orda i svenske ordbøker. Aasen greier heller ikkje ut om kva kriterium han gjekk etter når han valde ut ord som skulle jamførast. Ei aning om korleis Aasen prioriterte, får ein likevel i ein passasje i fortalen i Norsk Ordbog der han kort kjem inn på praksisen med å jamføre norske oppslagsord med ord i nærskylde språk: ”Ved adskillige mindre bekjendte Ord [i Norsk Ordbog] er en Sammenstilling med svenske, tyske eller engelske Dialekter tilføiet, for saavidt som der var Anledning dertil” (Aasen 1873: XII). Det kan sjå ut som Aasen ønskte å løfte fram felles ordtilfang i tilfelle der det ikkje er opplagt, og at han var oppteken av å syne slektskap mellom *målføre*. Det siste bør ein vel her forstå som dei munnlege folkemåla. Såleis verkar det rimeleg at når Aasen trekkjer fram Rietz’ dialektleksikon i fortalen i Norsk Ordbog, så lovprisar han verket for å ha samla kunnskap om ordtilfanget i svensk talemål:

Det er ikke liden Lettelse for os at forefinde en saa righoldig Ordsamling som Rietz's svenske Dialekt-Lexikon, hvori flere ældre Glossarier ere opptagne eller benyttede, saa at man der med Lethed kan faae en Oversigt af det store Forraad af svenske Ord, som ikke ere komne til Brug i Bogsproget (Aasen 1873: VI).

5.3 Omfang i Norsk Ordbog

Det har ikkje vore kjent kor mykje ordtilfang Aasen dokumenterer som sams for norsk og svensk i Norsk Ordbog, og såleis heller ikkje kva som kjenneteiknar dette ordtilfanget. Dette er bakgrunnen for at vi vil gje eit oversyn over oppslag i Norsk Ordbog som inneheld tilvisingar til svensk, og så presentere ein analyse av dette ordtilfanget med tanke på opphav og utbreiing. Arbeidet med å få oversyn over omfanget av tilvisingar tok til med å overføre ein elektronisk versjon av ordboka til ein database der det er mogleg å sortere oppslaga etter tekstinnhald.¹ Dei svenske tilvisingane vart så identifiserte ved å søkje fram oppslag som inneheld forkortingar, ord(kombinasjonar) og forfattartilvisingar som Aasen nytta i samband med jamføringane. Såleis søkte vi etter teiknrekkjer som *sv.*, *i Sverige*, *svenske*, *Dalin*, *Rietz* og *Rydgvist*.

Desse søka genererte til saman 2772 unike oppslag, av totalt 36902 i heile Norsk Ordbog.² Tabell 1 syner førekomsten av oppslag for kvar av teiknrekkjene vi søkte etter.³

Vi fann tre oppslag der teiknrekkjene *i Sverige* eller *svensk(e)* er nytta i andre samanhengar enn til å gje opplysingar om svensk språk. I oppslaga *Jamt* og *Lapplending* er *i Sverige* del av definisjonsteksten, medan *svensk* er eige oppslagsord. Når desse oppslaga er trekte frå, er det 2769 oppslag med tilvisingar som har å gjere med svensk språk, noko som utgjør om lag 7,5 % av oppslaga i ordboka. Sagt på ein annan måte: På ei gjennomsnittleg side i Norsk Ordbog er det om lag tre oppslag med tilvisingar til svensk.

¹ Denne versjonen var tekstfila som vart nytta som grunnlag for den førebels siste trykte utgåva av Norsk Ordbog som vart utgjeven i 2003 (Kruken og Aarset 2003).

² Dette talet er noko lågare enn talet på oppførte ord, som er om lag 40 000 ifølgje omslagsteksten til 2003-utgåva av Norsk Ordbog. Skilnaden kjem av at ein del av orda i Norsk Ordbog, som regel avleiingar eller samansetjingar, ikkje er skilde ut som eigne oppslag, men er gjorde greie for under oppslag for andre ord.

³ Summen av førekomstane for dei einskilde teiknrekkjene er høgare enn talet på oppslag som inneheld minst éin førekomst av ei slik teiknrekkje. Dette kjem av at det same oppslaget kan innehalde fleire enn ei av teiknrekkjene. Til dømes finn ein ofte *Rietz* i same oppslag som avstytinga *sv.*

Type oppslag	Førekomst
Alle i Norsk Ordbog	36902
Som inneheld <i>sv.</i>	2431 (448 av desse med formuleringa <i>sv. Dial.</i>)
Som inneheld <i>Rietz</i>	236
Som inneheld <i>svensk(e)</i>	333
Som inneheld <i>i Sverige</i>	47
Som inneheld <i>Rydgqvist</i>	15
Som inneheld <i>Dalin</i>	3

Tabell 1. *Tilvisingar til svensk i Norsk Ordbog*

Sidan dei fleste tilvisingane står utan kjelde, er det ikkje mogleg å fastslå kva kjelde som ligg til grunn for kvar einiskild tilvising. Ein kan rett nok rekne med at Dalin er kjelda til dei fleste av dei kjeldelause tilvisingane, sidan Aasen fører opp Dalins ordbok som referanseverket for svensk i kjeldelista. Men det finst unntak. Særleg ser det ut til at dei 448 tilfella der *sv.* blir følgt av avstytinga *Dial.* (for *dialekt*), byggjer på andre kjelder, og sidan det er snakk om svenske målføreord, er Rietz den opplagde kandidaten. Vi kontrollerte 20 av dei kjeldelause oppslaga opp mot ordbøkene til Dalin og Rietz, og i alle oppslag med *sv. Dial.* fann vi det svenske ordet att i Rietz, men ikkje i Dalin. Biletet som dannar seg, samsvarar med det Aasen sjølv teiknar i kjeldelista og i fortalen i Norsk Ordbog: Dalin er hovudreferansen til svensk standardmål, medan dialektleksikonet til Rietz er ei nyttig utfylling fordi det dekkjer svensk ordtilfang som ikkje blir handsama hos Dalin. Den tredje kjelda vi har vore inne på, Rydgqvists *Svenska språkets lagar. Kritisk afhandling*, ser ut til å vere nytta i berre nokre få tilfelle. I dei tilfella Aasen viser eksplisitt til Rydgqvist, er det typisk at det handlar om etymologi, som i oppslaget *galen*, der vi får opplyst at adjektivet er danna til fortidspartisippet av verbet *gala*:

galen, adj. 1) gal, afsindig. G. N. galinn. Vel egentl. forhexet (ved Tryllesang), og saaledes Particip af gala (jf. Rydgqvist, Sv. Spr. L. 1, 172). (Aasen 1873)

Når vi skulle analysere materialet vidare, måtte vi vurdere i kva grad dei identifiserte oppslaga representerer sams norsk-svensk ordtilfang. Det syntte seg då at dei aller fleste tilvisingane til svensk er jamføringar med openbert nærskylde ord, som i oppslaget *corp* ovanfor. Av og til jamfører rett nok Aasen med eit ord som ikkje like opplagt er skyldt med det norske, og stundom med eit samansett ord som berre delvis fell saman med det norske. Vi vurderte det likevel ikkje

som fruktbart innanfor rammene av denne artikkelen å gjere ein grundig analyse av kvar og eitt oppslag for eventuelt å luke ut somme slike oppslag. Hovudbiletet er i alle fall at den store hopen av jamføringar med svensk dokumenterer likskapar og skyldskap mellom norsk og svensk ordtilfang. Dei einaste oppslaga vi heldt utanfor vidare analyse, var eitt der opplysinga dreier seg om at oppslagsordet *ikkje* blir brukt i svensk (*hulder*), og to der det blir vist til svenske ord som openbert ikkje er skylde (norsk *amt* og *brosme* blir jamførte med svensk *län* og *lubb*). Dermed hadde vi eit materiale på 2766 oppslag som vi rekna som Aasens norsk-svenske ordtilfang, og som vi har nytta i den følgjande analysen.

5.4 Innslag av norrøne arveord i Aasens norsk-svenske ordtilfang

Ei viktig side ved den norske og svenske språkfelleskapen i tillegg til den sjølv-sagde geografiske nærleiken var for Aasen at språka over lang tid hadde utvikla seg side om side utan at eitt av dei hadde vore underlagt det andre (Venås 1996: 435 f.). Historisk sett blir då dei norrøne arveorda naturlege jamføringspunkt. Såleis er det interessant å ta for seg dei norsk-svenske orda som Aasen viser til i Norsk Ordbog, og undersøkje kor stor del av dei som blir jamførte med ei norrøn opphavsform. Eit døme på eit slikt oppslag har vi i *fjos* (der *G. N.* står for *gammalnorsk*, som var omgrepet Aasen nytta om norrønt):

Fjos (oo), n. Fæhuus, Kostald, eller Faarestald. [...] *G. N.* *fjos*, n. I Sverige: *fjus*, *fjøs* og *fl.* (Rietz 133). (Aasen 1873)

Empiri på kor stort innslaget av norrøne arveord er i fellesorda, fann vi ved å jamføre førekomsten av norrøne tilvisingar i ordboka totalt med førekomsten av slike tilvisingar i oppslag med fellesord (tabell 2).

	Oppslag med tilvising til norrønt i heile Norsk Ordbog	Oppslag med tilvising til norrønt blant oppslag som har tilvising til svensk
I tal	5371 (av 36902)	1320 (av 2766)
I %	14,6 %	47,7 %

Tabell 2. *Oppslag med tilvising til norrønt i heile Norsk Ordbog og blant oppslag som inneheld tilvising til svensk*

I ordboka er det 5371, eller 14,6 %, av oppslaga som inneheld ei tilvising til norrønt. Blant oppslaga med fellesord er innslaget av slike tilvisingar forholdsvis mykje høgare: Her blir 1320, eller nær halvparten, av orda førte attende til norrønt. Kor godt desse tala speglar det faktiske innslaget av arveord blant norsk-

svenske fellesord, er usikkert sidan det er uvisse knytt til Aasens utval av både arveord og norsk-svenske fellesord. Det norsk-svenske fellesordet *gråbein* står til dømes utan tilvising til norrønt i Norsk Ordbog, sjølv om det er med i Johan Fritznors *Ordbog over det gamle norske Sprog* frå 1867. Uansett syner tala ein tendens som det ville vere interessant å få stadfest eller tilbakevist i ein meir omfattande analyse.

5.5 Geografisk utbreiing av norsk-svenske fellesord i Noreg

Skal ein undersøkje kor i Noreg Aasens norsk-svenske ord har størst utbreiing, er det naturleg å gå ut frå ein hypotese om at kjerneområdet for fellesorda ligg nær Sverige, altså i dei austlege delane av Noreg. Spørsmålet blir såleis om eit fellesord som *gyrje* er typisk i Norsk Ordbog, eit ord Aasen heimfester til tre område med grense mot Sverige – Smålenene (i dag Austfold), Romerike og Solør:

Gyrja (y'), f. 1) Mudder, Slam, Dyndjord. "Gjørju", Smaal. Rom. Solør. I svenske Dial. gjørja, gerja [...] (Aasen 1873)


For å få ein peikepinn på om fellesorda har eit særleg nedslagsfelt lengst aust i Noreg, undersøkte vi førekomsten av tilvisingar til svensk i oppslag der Aasen heimfester oppslagsordet til område nær Sverige (Nordland, Trøndelag, Østerdalen, Solør, Ringerike, Austfold) og jamførte tala for desse områda med tilsvarende tal frå eit knippe område i andre delar av landet (Sunnmøre, Hardanger, Jæren, Telemark). Funna i denne undersøkinga må takast med atterhald om at ei heimfesting ikkje alltid tyder at eit ord er typisk for heimfestingsområdet. Ei heimfesting kan til dømes vere oppført fordi det aktuelle området har avvikande uttale av eit ord. Heimfesting signaliserer med andre ord at eit ord blir brukt i eit visst område, men ikkje at ordet *ikkje* blir brukt andre stader. Resultata er illustrerte i tabell 3 og figur 1.

Heimfesting	Førekomstar totalt i Norsk Ordbog	Samførekomstar med tilvising til svensk	
		I tal	I %
1 Rom. (Romerike)	231	87	37,7 %
2 Solør	255	89	34,9 %
3 Østerd. (Østerdalen)	598	193	32,3 %
4 Smaal. (Austfold)	989	262	26,5 %
5 Trondh. (Trøndelag)	1180	310	26,3 %

6 Jæd. (Jæren)	402	94	23,4 %
7 Nordl. (Nordland)	2063	436	21,1 %
8 Hard. (Hardanger)	1019	168	16,5 %
9 Tel. (Telemark) ^a	3811	624	16,4 %
10 Sdm. (Sunnmøre)	2987	460	15,4 %

a) Når Aasen heimfeste ord til Telemark, meinte han truleg dei øvre delane av fylket. Difor er den sørlegaste delen av fylket, landskapet Grenland, ikkje markert på kartet.

Tabell 3. *Førekomstar av oppslag med eit utval norske heimfestingar og av oppslag med både den norske heimfestinga og tilvising til svensk*



Figur 1. *Konsentrasjon av ord som Aasen peiker ut som norsk-svenske, blant heimfeste ord i eit utval heimfestingsområde i Norsk Ordbog (Kartgrunnlag: Statens kartverk)*

I tabellen er heimfestingane plasserte i fallande rekkjefølgje etter kor stor prosentdel av dei som førekjem saman med tilvising til svensk. Kolonne nummer to frå venstre syner totalførekomsten av kvar av heimfestingane, medan kolonnane til høgre syner talet på samførekomstar med tilvising til svensk i høvesvis absolute tal og i prosent av totalførekomsten. På kartet representerer mørkegrått dei fem heimfestingsområda med høgast konsentrasjon av fellesord i utvalet vårt, medan lysegrått representerer område med lågare konsentrasjon av slike ord.

Resultatet er i tråd med hypotesen: Dei fem heimfestingsområda med høgast konsentrasjon av tilvisingar til svensk er alle grenseområde, og berre grenseområdet Nordland, som hamnar under Jæren, vik av frå trenden. Mest slåande er den høge konsentrasjonen av tilvisingar blant orda med tilknytning til Østerdalen, Solør og Romerike. Meir enn tredjeparten av orda som blir heim-

feste til denne delen av landet, blir også jamførte med svenske ord. Dette tyder på at målføra i desse områda har eit vesentleg innslag av fellesord med svensk. På andre sida skal ein ikkje underslå at område i andre delar av landet også har sams ordtilfang med svensk. Det syner seg til dømes at dei høgfrekvente heimfestingane for Telemark (3811 oppslag) og Sunnmøre (2987 oppslag) dukkar opp i høvesvis 22,6 % og 16,6 % av oppslaga med tilvising til svensk. Naturlegvis må tala i denne undersøkinga takast med atterhald når det gjeld kva dei seier om faktisk utbreiing av norsk-svenske fellesord i norske målføre. For det første er det som nemnt ikkje eintydig kva ei norsk heimfesting seier om utbreiinga av eit ord, og for det andre er tala ufullstendige for område utanom svenskegrensa. Likevel syner undersøkinga tendensar som kan vere interessante å følgje opp.

6. Sluttord

I denne artikkelen har vi synt korleis Aasen i 1873-ordboka med eit geografisk utgangspunkt dokumenterte eit felles norsk-svensk ordtilfang. Det var med på å gje særmerke til og å godtgjere eit eige norsk språk i jamføring med dansk.

Men vi har også sett at han bygde på eit leksikografisk hovudverk i dansk, Molbechs ordbok. I fullføringa av prosjektet til Aasen var Dalins ordbok ei hovudkjelde. På Aasens tid var dette dei opplagde vala både som mønster og kjelder. Det var kvalitativt gode val, ikkje minst med tanke på tydingskildringa som er hovudsaka i morsmålsleksikografi. Både Molbech og Dalin har fått ettermæle som pålitelege og presise definisjonsutformarar. Lindegård Hjorth (1983: 30) går god for Molbech og Sven-Göran Malmgren (1998) har gått god for Dalin. Ei tilsvarende omdømming får Aasen av Alf Hellevik (1968: 202). Samanfattande kan vi seie at Molbech, Dalin og Aasen danna den første meisterklassa skandinavisk leksikografi.

LITTERATUR

- Dalin, A. F., 1850–1855: Ordbok öfver svenska språket. Stockholm: Författarens förlag. Også tilgjengeleg på nett hos Språkbanken: <http://spraakbanken.gu.se/dalin/index2.html> (mai 2011).
- Fritzner, Johan, 1867: Ordbog over det gamle norsk Sprog. Kristiania: Feilberg og Landmark. Tilgjengeleg på nett hos Nasjonalbiblioteket: <http://www.nb.no> (september 2011).

- Grimm, Jacob, 1848: *Geschichte der deutschen Sprache*. Leipzig: Weidemannschen Buchhandlung.
- Hauge, Hans, 2001: Postkolonialisme. I: Johannes Fibiger et al. (red.), *Litteraturens tilgange – metodiske angrebspunkter*. København: Gads Forlag. S. 369–395.
- Hellevik, Alf, 1968: *Ords-kattar*. I: *Det Norske Samlaget. 1868–1968*. Oslo: Det Norske Samlaget. S. 201–214.
- Hovdhaugen, Even et al., 2000: *The History of Linguistics in the Nordic Countries*. Helsinki: Societas Scientiarum Fennica.
- Janson, Tore, 2010: *Språkens historia*. Stockholm: Norstedts.
- Kruken, Kristoffer og Terje Aarset, 2003: *Ivar Aasen. Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. Ny utgåve. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Lindgård Hjort, Paul, 1983: *Danske ordbøgers historie*. København: Reizel.
- Malmgren, Sven-Göran, 1998: Almqvist, Dalin och den svenska definitionsordbokens födelse. I: Gertrud Pettersson (red.), *Studier i svensk språkhistoria*. Lund: Lund University Press. S. 195–213.
- Molbech, Christian, 1833: *Dansk Ordbog indeholdende det danske Sprogs Stammeord, tilligemed afledede og sammensatte Ord, efter den nuværende Sprogbrug forklarede i deres forskellige Betydninger, og ved Talemaader og Exempler oplyste*. Kiöbenhavn: Gyldendalske Boghandlings Forlag.
- Rask, Rasmus Kristian, 1811: *Vejledning til det Islandske eller gamle Nordiske Sprog*. Kjøbenhavn: Schuboths Forlag.
- Rietz, Johan Ernst, 1867: *Svenskt dialekt-lexikon*. Ordbok öfver svenska allmoge-språket. Malmö: B.A. Cronholm. Tilgjengeleg på nett hos Projekt Runeberg: <http://runeberg.org/dialekt/> (mai 2011).
- Rydqvist, Johan Er., 1850–1883: *Svenska språkets lagar: kritisk afhandling*. I–VI. Stockholm.
- Torp, Arne og Lars S. Vikør, 1993: *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Venås, Kjell, 1994: Ivar Aasen om norsk i høve til andre nordiske mål. I: Jens Allwood et al. (red.), *Gothenburg Papers in Theoretical Linguistics 69 II*. Göteborg. S. 385–397.
- 1996: *Då tida var fullkomen*. Ivar Aasen. Oslo: Novus forlag.
- Walton, Stephen J., 1996: *Ivar Aasens kropp*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Worren, Dagfinn, 2006: Molbech som mønster for Aasen. I: Henrik Lorentzen og Lars Trap-Jensen (red.), *Nordiske studier i leksikografi 8. Rapport fra Konference om leksikografi i Norden*. Sønderborg 24.–28. mai 2005. København. S. 391–406.
- Aasen, Ivar, 1850: *Ordbog over det norske Folkesprog*. Kristiania: Carl C. Werner & Comp.
- 1873: *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. Christiania: P.T. Mallings Boghandel.
- 1912: *Skrifter i Samling*. III. Kristiania og Kjøbenhavn. Gyldendalske Boghandel. Nordisk Forlag.
- 1965 (1. utg. 1864): *Norsk Grammatik*. Oslo: Universitetsforlaget.

Kjetil Gundersen

Norsk Ordbok 2014, Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo
kjetil.gundersen@iln.uio.no

Dagfinn Worren

Norsk Ordbok 2014, Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo
dagfinn.worren@iln.uio.no